

**Regionrådet,
25. januar**



**Skjønnsmidlar til fornyings-
og innovasjonsprosjekt i
kommunane 2019**

Skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane – 2019

Prioritering av Regionrådet

- 27,6 mill. til prosjektskjøn og generell fordeling i året
- Regionråda har ei koordinerende rolle, skal vurdere søknadane og senda skriv til Fylkesmannen med prioritering mellom søknadane.
- Fylkesmannen vil i hovudsak prioritera å støtta samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar
- Føremål – fornyings- og innovasjonsprosjekt som gir kommunane høve til å prøva ut nye løysingar på utfordringane sine. Gjeld alle tenesteområda
- Alle søknadar som gjeld forsøkslova (lov om forsøk i offentleg forvaltning av 26. juni 1992 nr. 87) skal sendast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
- Ikkje kommunale drifts- og investeringsoppgåver og reine næringsutviklingsprosjekt

Fylkesmannen vil særleg prioritera desse områda i 2019

1. Kommunale tenester til:

- helse og omsorg t.d. velferdsteknologi og auka krav innanfor rus og psykiatri
- barnehage- og skulemiljø
- barnevern eller barn som er utsette for vald og overgrep

2. Digital forvaltning, med vekt på brukarvenlege tenester og innhald:

- samarbeidsprosjekt som gjer at flest mogeleg av kommunane i fylket brukar same kompetanse- og teknologiplattform, vert prioriterte

3. Samfunnsutvikling til dømes på desse områda:

- rekruttering
- interkommunalt planarbeid til dømes om folkehelse, massedeponi, oppdrett og akvakultur
- kommunale planverktøy og digitale kart
- samfunnstryggleik og beredskap
- klimatilpassing eller tiltak for å redusera klimagassutslepp

4. Interkommunale utviklingsprosjekt:

- utgreiingar som grunnlag for vidare prosessar i kommunereforma
- tenestesamarbeid på område der det har oppstått endringar som følgje av kommunereforma
- samarbeid om skogbruks- og landbruksforvaltninga

Fristar

- 1. Søknadsfristen frå kommunane til fylkesmannen er fredag 1. mars**
2. Regionråda blir bedd om å senda brev til Fylkesmannen med prioritering mellom prosjekta innan den same fristen. Regionråda blir også bedd om å gi ei grunngjeving for prioriteringa mellom søknadene.
- 3. For at Regionrådet i Nordhordland skal kunne prioritera og grunngje denne, må kommunane senda ein kopi av søknaden, eller dersom søknaden ikkje er endeleg ferdig, ein projektskisse av projektet til post@nordhordland.net seinast innan fredag 15. februar.**
4. Kopi av endeleg søknad, må sendast Nordhordland Utviklingsselskap IKS, post@nordhordland.net innan fredag 1. mars.
5. Søknadsskjema 2019 ligg på database. <https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no>
6. Kontaktperson er Rune Heradstveit, mobil 907 53 459, eller e-post: rune@nordhordland.net